

# INNGREP OG FORSTYRRINGAR I SENTRALE DELER AV SETESDAL-RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

OPPDRAGRAPPORT



EI KONSEKVENSENTGREIING FOR VILLREINEN I HØVE TIL  
FRAMTIDIG AREALBRUK

- Oppdragsgivar:  
Fylkesmannen i Rogaland  
Bykle kommune  
Forsand kommune  
Gjesdal kommune  
Hjelmeland kommune  
Sirdal kommune  
Suldal kommune

# INNGREP OG FORSTYRRINGAR I SENTRALE DELER AV SETESDAL-RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

## OPPDRAGRAPPORT



## EI KONSEKVENSGREIING FOR VILLREINEN I HØVE TIL FRAMTIDIG AREALBRUK

Oppdragsgivar:


Fylkesmannen i Rogaland  
Bykle kommune  
Forsand kommune  
Gjesdal kommune  
Hjelmeland kommune  
Sirdal kommune  
Suldal kommune

  
**Statskog**  
Sørlandet

Lars Arne Bay, februar 1994

# INNGREP OG FORSTYRRINGAR I SENTRALE DELER AV SETESDAL-RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

Kart som syner avgrensinga av prosjektområdet



Grense for villreinområdet



Grense for prosjektområdet



# INNGREP OG FORSTYRRINGAR I SENTRALE DELER AV SETESDAL-RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

Forord		
A.	INNLEIING	side 4
B.	SAMANDRAG OG KONKLUSJON	6
C.	MANDAT OG MÅL FOR PROSJEKTET	10
D.	METODAR OG KART	12
	1. Villreinen sin bruk av prosjektområdet	
	2. Inngrep og menneskeleg bruk innan prosjektområdet	
	2.1 Fysiske inngrep	
	2.1.1 Ferdselslinjer	
	2.1.2 Overnattingsstader	
	2.1.3 Kraftutbyggjing	
	2.2 Forstyrningar (menneskeleg bruk)	
	2.2.1 Beiting av sau	
	2.2.2 Jakt og fiske	
	2.2.3 Turisme og reiseliv	
	2.2.4 Motorisert ferdsle	
	2.2.5 Drift av kraftanlegg	
	3. Konflikthar mellom inngrep/menneskeleg bruk og villrein	
E.	VILLREINEN I SETESDAL-RYFYLKE VILLREINOMRÅDE	16
	1. Historie og forvalting	
	2. Naturgrunnlaget	
	3. Villreinen sin biologi	
	4. Villreinen sin bruk av Setesdal-Ryfylke villreinområde	
F.	VERKNADER AV INNGREP OG FORSTYRRINGAR PÅ VILLREIN	25
	1. Bakgrunnskunnskap	
G.	INNGREP OG MENNESKELEG BRUK I PROSJEKTOMRÅDET	29
	0. Generell framstilling	
	0.1 Fysiske inngrep	
	0.1.1 Ferdselslinjer	
	0.1.2 Overnattingsstader	
	0.1.3 Kraftutbyggjing	
	0.2 Forstyrningar (menneskeleg bruk)	
	0.2.1 Beiting av sau	
	0.2.2 Jakt og fiske	
	0.2.3 Turisme og reiseliv	
	0.2.4 Motorisert ferdsle	
	0.2.5 Drift av kraftanlegg	

1.	<u>Sentralområdet</u>	35
1.1	Fysiske inngrep	
1.1.1	Ferdselslinjer	
1.1.2	Overnattingsstader	
1.1.3	Kraftutbyggjing	
1.2	Forstyrningar (menneskeleg bruk)	
1.2.1	Beiting av sau	
1.2.2	Jakt og fiske	
1.2.3	Turisme og reiseliv	
1.2.4	Motorisert ferdsle	
1.2.5	Drift av kraftanlegg	
2.	<u>Områda vest for Blåsjø</u>	40
2.1	Fysiske inngrep	
2.1.1	Ferdselslinjer	
2.1.2	Overnattingsstader	
2.1.3	Kraftutbyggjing	
2.2	Forstyrningar (menneskeleg bruk)	
2.2.1	Beiting av sau	
2.2.2	Jakt og fiske	
2.2.3	Turisme og reiseliv	
2.2.4	Motorisert ferdsle	
2.2.5	Drift av kraftanlegg	
3.	<u>Frafjordheiane</u>	43
3.1	Fysiske inngrep	
3.1.1	Ferdselslinjer	
3.1.2	Overnattingsstader	
3.1.3	Kraftutbyggjing	
3.2	Forstyrningar (menneskeleg bruk)	
3.2.1	Beiting av sau	
3.2.2	Jakt og fiske	
3.2.3	Turisme og reiseliv	
3.2.4	Motorisert ferdsle	
3.2.5	Drift av kraftanlegg	
H.	KONSEKVENSAAR FOR VILLREINEN I HØVE TIL FRAMTIDIG AREALBRUK	47
0.	Samla framstilling	
1.	Sentralområdet	51
2.	Områda vest for Blåsjø	56
3.	Frafjordheiane	59
	Litteraturliste og referansar:	62
Vedlegg:	Korleis finna konflikhtar som gjeld din kommune: I Sentralområdet (omfattar deler av Bykle, Suldal og Hjelmeland). Vest for Blåsjø (deler av Suldal, Hjelmeland, Bykle og Forsand). I Frafjordheia (deler av Forsand, Gjesdal og Sirdal).	66

## FORORD

Setesdal-Ryfylke villreinområde er kjenneteikna av karrige naturtilhøve og ei svært høg grad av menneskelege inngrep og forstyrningar. Området har den svakaste villreinstamma i landet når det gjeld kondisjon (vektutvikling) og produksjon, og den lågaste kalvetilveksten.

Villreinområdet er det nest største i landet og Europas sørlegaste. Noreg er gitt eit særleg ansvar internasjonalt for å ta vare på villrein. Sikring av villreinen sine leveområde er og mellom dei høgast prioriterte målsettingar i vilt- og naturforvaltinga i landet.

Ein føresetnad for å ta omsyn til villreinen i arealforvaltinga er at ein kan dokumentera villreinen sin arealbruk, menneskeleg påverknad på same arealet og konflikten mellom desse interessene.

Etter initiativ frå fylkesmannen i Rogaland vart det 10. februar 1993 starta opp eit prosjekt med å kartleggja og dokumentera inngrep og forstyrningar i villreinområdet, og gi ei fagleg vurdering av konsekvensane for villreinen.

Prosjektområdet har tyngdepunkt i Rogaland, men er supplert med område i Bykle i Aust-Agder og Sirdal i Vest-Agder. Følgjande kommunar har og deltatt i gjennomføring og finansiering av prosjektet: Hjelmeland, Suldal, Forsand, Bykle, Sirdal og Gjesdal.

Prosjektet har vore leia av ei styringsgruppe med følgjande samansetting:

- Fylkesmannen i Rogaland v/ viltforvaltar Anders Braa
- Suldal kommune v/ Hallvard Bakka
- Hjelmeland kommune v/ Olav Hjorteland
- Forsand kommune v/ Torstein Harboe

Hallvard Bakka har vore leiar i styringsgruppa og prosjektleiar i Statskog Sørlandet, Lars Arne Bay har vore engasjert som prosjektmedarbeidar og står fagleg ansvarleg for rapporten.

Rapporten er tenkt nytta av ulike forvaltingsorgan for å sikra omsynet til villreinstamma i området.

Det er nytta ein del informasjon frå "Forvaltingsplan for Setesdal-Ryfylke villreinområde 1993 - 1997" (Skåtan 1993), og ein vil retta ei takk til oppsynsmann Jon Haugen for verdifull informasjon. Student Geir Arne Haukom har i samband med ei hovudfagoppgåve samla nyttig informasjon om bruken av Frafjordheiane.

Kristiansand, 10. februar 1994

Hallvard Bakka  
Leiar i styringsgruppa

Lars Arne Bay  
prosjektmedarbeidar

## A. INNLEIING

Setesdal-Ryfylke villreinområde (SRV) omfattar eit areal på ca. 5.500 km<sup>2</sup>, fordelt på 13 kommunar i 5 fylke; Hordaland (Odda), Rogaland (Suldal, Hjelmeland, Forsand og Gjesdal), Vest-Agder (Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad og Åseral), Aust-Agder (Bykle, Valle og Bygland), og Telemark (Vinje).

Setesdal-Ryfylke villreinnemnd er eit offentleg samarbeidsorgan som skal sikra biologisk rett forvaltning av villreinen i villreinområdet. Det skal særleg leggast vekt på ei framtidsretta forvaltning av villreinen sine leveområde. Nemnda er statleg og sett saman av ein representant frå kvar av dei kommunane som er opplista over. Fylkesmannen sin miljøveravdeling i Vest-Agder har eit særskilt ansvar for samordning og planlegging i dette villreinområdet.

Villreinområdet er det nest største i landet og hyser den sørlegaste villreinstamma i Europa. Det er stor utveksling av dyr med naboområda, Hardangervidda i nord og Setesdal Austhei i aust.

Dei eldste spor av menneskeleg aktivitet i dette fjellområdet er knytt til jakt på villrein. Truleg har villrein vore ein av dei viktigaste faktorane for busetting langs høgfjellsplatået mellom Setesdal og fjordbygdene i Ryfylke. Frå midten av 1700-talet utvikla jordbrukskulturen seg slik at heiane vart tatt systematisk i bruk til støling og beiting. Dette hadde nær samanheng med auke i folkemengda, og nådde eit høgdepunkt før dei store folkevandringane frå desse fjellbygdene til Amerika frå 1850 og utover. Historiske dokument viser at villreinen var nære på utrydda på 1700-talet og på slutten av 1800-talet. Dette fell i tid saman med den perioden då folketalet var på det høgste og utnyttinga av høgfjellet til støling og beiting var på det mest intense. Etter fleire innskrenkingar i jaktidsrammene vart villreinen totalfreda i starten av dette hundreåret.

Frå mellomkrigstida auka villreinstammene att, og villreinen var i periodar frå 1960 til 1990 svært talrik. Slike periodar førte oftast til at tilgjengeleg vinterbeite vart sterkt overbeita. I vårt område er nedslitne vinterbeite framleis eit problem.

Første kraftutbyggjinga innan prosjektområdet var i Bykle i perioden 1912-21 då mellom anna Vatnedalsvatn og Botsvatn vart regulert. Frå 1960 og fram til no har området vore prega av ei intens kraftutbyggjing. I dag er spora etter anleggsmaskinene sletta ut, men store areal er lagt under vatn, og området er oppdelt av ei rekke vegar. Neddemt areal har endra trekkvegane for villreinen i sommarhalvåret, og redusert tilgjengeleg vår- og sommarbeite. Samtidig har vegar opna for ei ferdsløse som er radikalt ulik den som var tidlegare. Denne utviklinga er klassisk for fjellområda våre, og er den direkte årsaka til at viltforvaltninga i Noreg har som prioritert oppgåve å sikra leveområda for arten villrein.

Historia syner at villreinen på det næraste var utrydda rundt 1900, og i dag har vi store og livskraftige villreinstammer. Likevel er det ein vesentleg skilnad på den måten forfedrane våre utnytta heiane, og den utnyttinga vi har i dag. Mest all ressursbruk i fjellet før 1910 var reversibel - når beitepresset minka kom reinen att. I dag er store areal omdisponert - for alltid. Neddemmt areal, vegar, hyttegrender og skianlegg er døme på irreversible inngrep.

Arealet som dette prosjektet omhandler er på ca. 3.000 km<sup>2</sup> fordelt på 6 kommunar i 3 fylke; Rogaland (Suldal, Hjelmeland, Forsand og Gjesdal), Vest-Agder (Sirdal) og Aust-Agder (Bykle). Arealet er dominert av store vassmagasin etter omfattande kraftutbyggingar frå omlag 1960 til 1985. I tillegg er det konsesjon for vidare utbygging som enno ikkje er utført (Store-Urar).

Prosjektet er finansiert av dei deltakande partar med følgjande fordeling:

Fylkesmannen i Rogaland	kr 60.000
Suldal kommune	kr 40.000
Hjelmeland kommune	kr 40.000
Forsand kommune	kr 30.000
Bykle kommune	kr 20.000
Sirdal kommune	kr 10.000
Gjesdal kommune	kr 5.000



## B. SAMANDRAG OG KONKLUSJON

Villreinen er stadig på vikande front overfor vår bruk av høgjellet. Langfjella frå Jotunheimen i nord til Hekkfjellet i Hægebostad i sør var tidlegare eitt samanhengande villreinområde. Vegbygging, store vasskraftmagasin og menneskeleg aktivitet har skapt barrierar som har endra dette til ei rekke "øyar". Setesdal-Ryfylkeheiane er det nest største villreinområdet i landet, og vi har den sørlegaste villreinstamma i Europa her.

I 1986 kom det eit framlegg til mål og retningslinjer for arealbruk i fjellområdet frå ei planfagleg rådgjevingsgruppe som var oppnevnt etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Rådgjevingsgruppa la fram ei fleirtalstilråding om bruk av verkemiddel der området i plansamanheng vart delt i eit kjerneområde og ei randsone:

- *Kjerneområdet er område av nasjonal interesse som bør vernast mot inngrep som kan redusere verneverdiane vesentleg. Naturvernlova og biotopvern etter viltlova er aktuelle verkemiddel.*
- *Randområdet er i hovudsak sårbar område med snauffjell, som er viktige i landsdelsamanheng. Arealbruken bør samordnast på tvers av kommunegrensene og styrast v.h.a. plan- og bygningslova.*

I Rogaland vart dette arbeidet ført vidare, slik at det no er fremja forslag om nasjonalpark, landskapsvern og biotopvern i tråd med framlegga frå 1986. I Agderfylka vart det i 1991 starta opp eit fleirbruksplanarbeid for å greia ut korleis området kan nyttast til næringsutvikling for bygdene samstundes som ein sikrar samanhengen i heia, naturkvalitetane og ei god forvaltning av villreinen. Sluttrapporten frå dette arbeidet vert ei tilråding for framtidig arealforvaltning i Aust- og Vest-Agder.

Arbeidet med denne rapporten har delvis gått parallelt med fleirbruksplanarbeidet og er ei fagleg vurdering av kva verknad inngrep og forstyrningar i sentrale deler av villreinområdet har for villreinen, og kva utfordringar dette gir for framtidig arealforvaltning.

Vilkåret for at ein skal lukkast med å oppretthalda ei livskraftig villreinstamme i framtida er at dei resterande leveområda for villreinen vert sikra. Utgangspunktet er ikkje det beste når 13 kommunar fordelt på 5 fylke skal forvalta kvar sin bit av området. Lokalkunnskap i eigen kommune er ikkje nok når dei same dyra er avhengig av tilgjengeleg beiteareal frå Hægebostad i sør til Vinje i nord.

Det ligg føringar for å nytta tre ulike lover ved framtidig arealforvaltning; Naturvernlova i områder som får status som nasjonalpark eller landskapsvernområde, viltlova i område med biotopvern, og plan- og bygningslova på det resterande arealet innanfor villreinområdet. Det bør leggjast sentrale føringar for den framtidige arealforvaltninga. Det bør vera krav om at alle arealsaker i den einskilde kommune som går inn i villreinområdet skal til høyring til alle partar før endeleg vedtak. Med alle partar meiner vi alle kommunar og fylke med areal innanfor villreinområdet. I tillegg må den statlege villreinnemnda stå på høyringslista til kvar kommune. Fleirbruksplanen vil truleg gi eit godt utgangspunkt for ein samordna arealforvaltning for heiområda. For at intensjonane i fleirbruksplanen skal kunna følgjast opp på lang sikt er det imidlertid viktig at villreinnemnda og spesielt fylkesmennene følgjer med på utviklinga i den einskilde kommune.

**Vilkåret for at ein skal lukkast med å oppretthalda ei livskraftig villreinstamme i området er at ein har ei arealforvaltning som byggjer på lovverk og overordna føringar som sikrar langsiktige nasjonale og internasjonale målsettingar om å sikra det totale leveområdet for villrein.**

Det bør vera ei målsetting å samordna ulike aktivitetar knytt til næring, oppsyn, skjøtsel m.v., slik at til dømes naudsynleg transport vert utført på ei tid og på ein slik måte at uroinga overfor villreinen vert så liten som råd.

Prosjektområdet er delt inn i 3 delområde. Konfliktkartet som følgjer rapporten er også delt inn på denne måten.

## **SENTRALOMRÅDET**

Vidare utbygging av Urarmagasinet vurderer vi som det alvorlegaste trugsmålet for villreinstamma i dag. Det må vera eit prioritert mål å få konsesjonen frå 15. desember 1974 opp til ny vurdering i Stortinget i lys av den kunnskapen vi har i dag om livsvilkåra for villreinstamma. Nye data frå "NINA oppdragsrapport 257" (Skogland 1994) syner klart kva følgjer store samanhengande vassmagasin kan få for villreinstamma. Vi syner og til konfliktkartet som synleggjer korleis trekkvegane i området vert totalt endra. Det er eit minstekrav at det blir utarbeidd ein konsekvensanalyse for kva følgjer denne utbygginga vil få for villreinstamma og naturmiljøet i området.

Anleggsvegane til Blåsjø og Store Urar opnar for ferdsle frå Suldal og Bykle i den tida vegane er frie for snø. Stor ferdsle i denne perioden har svært uheldig verknad på villreinen sin bruk av områda frå Storsteinen i sør til Austre Kaldefjell i nord. Ferdsla på vegane må regulerast slik at ein fjernar den tilfeldige frie ferdsla inn i området. For villreinen vil beste løysinga vera å stengja vegane for allmenn ferdsle. Vegane opnar for båttrafikk som fører til auka uro i nærområda rundt magasina.

Turistløypene i området er hovudaksen for løypenettet mellom Hardangervidda og Sirdal. Dei største konflikttane er i sørenden av Blåsjø mellom Storsteinvatn og Gyvatn. Dette problemet vil verta vesentleg mindre dersom vegen til Blåsjø vert sperra for allmenn ferdsle ved Undeknuten eller alternativt ved Beinlei.

Ei vidare utbygging av Urarmagasinet vil føra til liknande konflikttar ved Vassdalstjørn som det er i dag ved Gyvatn/Storsteinhytta.

Det bør ikkje leggjast til rette for ytterlegare ferdsle langs hovudaksen. Det må presiserast at tilfeldig ferdsle utanfor løypenettet medfører større hindringar for villreinen enn tilsvarande aktivitet langs ei fast rute.

## OMRÅDA VEST FOR BLÅSJØ

Vinterbeiteperioden frå november/desember til april/mai er den tida på året då alle kategoriar dyr i villreinstamma er heilt avhengig av dette arealet. Utfordringa i denne perioden er å kanalisera skiutfart og eventuell annan aktivitet slik at ein unngår for store konflikhtar. Informasjon om dyra overfor ulike brukargrupper virkar forebyggjande og aukar kunnskapen og turgleda for dei som nyttar området.

I vår- og sommarbeiteperioden er det vesentleg bukkeflokkar som nyttar området. Toleransen overfor uroing er vesentleg større for denne kategorien dyr. Toleransen minkar mot slutten av sommarbeiteperioden. Dyra trekkjer ut av området og søker beite andre stader dersom uroinga overstig ei viss tålegrense.

Fotturismen og overnattingsstadene i området må kanalisera og lokalisera slik at ein opprettheld "lommer" der ferdsla er på eit minimum.

I Hjelmeland er det gjort framlegg om at turisthytta på Melands Grønahei vert fjerna eller alternativt omdisponert, og at den merka løypa mellom Ottestøl og Grasdalen vert fjerna. Turløypa vidare mot Eidavatn bør ikkje leggast om. Ein bør satsa på Funningsland, Trodla-Tysdal og Nes som innfallsportar til rutenettet.

I Suldal bør ein unngå tilrettelegging og merka løype mellom Stranddalen og Breidavad.

## FRAFJORDHEIANE

Villreinen nyttar området på same måte som areala vest for Blåsjø.

Vinterbeiteperioden frå november/desember til april/mai er den tida på året då alle kategoriar dyr i villreinstamma er heilt avhengige av dette arealet. Utfordringa i denne perioden er å kanalisera skiutfart og eventuell annan aktivitet slik at ein unngår for store konflikhtar. Informasjon om dyra overfor ulike brukargrupper virkar forebyggjande og aukar kunnskapen og turgleda for dei som nyttar området.

I vår- og sommarbeiteperioden er det vesentleg bukkeflokkar som nyttar området. Toleransen overfor uroing er vesentleg større for denne kategorien dyr. Toleransen minkar mot slutten av sommarbeiteperioden. Dyra trekkjer ut av området og søker beite andre stader dersom uroinga overstig ei viss tålegrense.

Det er foreslått oppretta nasjonalpark i området. Dette gir føringar for ein status og ein lovbruk som sikrar området mot inngrep og tilfeldig arealforvaltning. Utfordringa er å styra aktivitetar og utnytting i samband med fotturisme og næringsutøving slik at ein unngår uheldige konflikhtar i høve til villreinen (sjå punkt H0. Utfordringar for framtidig arealforvaltning s. 45).

Frafjordheia er det mest nytta turområdet i STF sitt rutenett. Siste året vart det registrert meir enn 70% utnytting av kapasiteten på hyttene, og STF har planar om å auka kapasiteten ytterlegare (sjå G.3.2.3 "Turisme og reiseliv" side 40). Trafikken er særleg stor i sommarperioden, og hovudtyngda av vintertrafikken er i tida rundt og etter påska (sjå tabell 2 og figur 6 og 7). Uroinga i høve til villrein har auka sterkt dei siste 5-10 åra, og aukar framleis. Dette gjeld i

særleg grad sommarhalvåret. Men og skiutfarten på ettevinteren frå mars/april til mai/juni utviklar seg uheldig i høve til villrein.

Villreinen har vore eit sentralt naturelement i området. Samtidig er det klart at friluftslivsinteressene er ein vesentleg årsak til at området er foreslått som nasjonalpark. For miljøstyresmaktene vil det vera eit prioritert mål både å verna leveområda for villrein, og å leggja til rette for friluftsliv.

I sommarperioden vurderer vi området som "tapt" for villrein. Vurderinga er grunna i det store antallet fotturistar som nyttar området, og det er ikkje realistisk å tru at talet vil minka.

I vinterperioden bør ein framtidig forvaltingsplan i området leggja restriksjonar på ferdsla, slik at ein unngår at villreinen vert pressa ut av denne delen av heia.

**I ein nasjonalpark må det vera eit overordna mål å forvalta området i harmoni med naturen. Det er eit tankekors at tilretteleggjing for friluftsliv kan verta den faktoren som i framtida hindrar villreinen sin bruk av området.**

P.s.:

Villreinen sin bruk av Frafjordheia og areala vest for Blåsjø er endra i sommarhalvåret på grunn av trekkvegane som er fjerna ved oppdemminga av Svartevassmagasinet og Blåsjø. Det er svært sjeldan at flokkar trekker vestover etter at isane er smelta. Dette er dokumentert i "NINA oppdragsrapport 257" (Skogland 1994), og også synleggjort på konfliktkartet som følgjer denne rapporten.



## H. KONSEKVENSNAR FOR VILLREINEN I HØVE TIL FRAMTIDIG AREALBRUK

### Krav til eit ideelt villreinområde.

Følgjande krav kan stillas til eit ideelt villreinområde (etter Mølmen og Reimers, 1977):

- Tilstrekkeleg haust-, vinter-, vår- og sommarbeite, og lang spiringssesong.
- Gode kalve- og parringsområde der reproduksjonen kan foregå utan menneskeleg uroing.
- Topografien må tilfredsstilla dyra sine krav til avkjøling slik at reinen kan motstå insektplaga.
- Trekkvegar mellom dei einskilde områdekvalitetar må vera lette og utan hindringar.
- Menneskeleg verksemd i form av tekniske inngrep, motorisert ferdsle, turisme og rekreasjon må vera så låg at dyra sitt aktivitetsnivå ikkje må aukast utover det naturlege.

### H0. SAMLA FRAMSTILLING

Arbeidet med å sikra arealforvaltinga av høgfjellsområdet skaut først fart i samband med utarbeidinga av "Fjellplan for Setesdal-Vesthei", (NOU 1974:39). Då vart det foreslått oppretta landskapsvern av ein hovudakse og åtte mindre tverraksar, til saman eit areal på 4.100 km<sup>2</sup>. Eit sentralt område rundt Rjuven på 525 km<sup>2</sup> vart foreslått som nasjonalpark.

Etter ein periode med gjennomføring av fleire store kraftanlegg (sjå G0.1.3 på side 22), vart fjellplanen følgt opp av rapporten "Setesdal vesthei, inngrepsoversikt i perioden 1973-1984." Denne viste at 81% av vasskraftressursane i heiområdet var utnyttta eller gjeve konsesjon for pr. 1. januar 1981. Villmarksarealet, d.v.s. område med meir enn fem km frå tekniske inngrep (hytter er ikkje rekna som eit teknisk inngrep), var redusert frå 3.000 km<sup>2</sup> i 1955 til 750 km<sup>2</sup> i 1984. Samstundes vart 14 nye prosjekt for vassdragsreguleringar i heiområdet handsama i "Samla plan for vassdrag" (Miljøverndepartementet 1984). Inngrep som var planlagt pr. 01.01.84 ville føra til at villmarksarealet i heiområdet ville verta redusert til 500 km<sup>2</sup> (sjå fig.8).

Ei planfagleg rådgjevingsgruppe med representantar frå kommunane, fylkeslandbrukskontora, fylkeskommunane og fylkesmennene, og ein observatør frå bondelaget, la fram ei utgreiing om heiområdet Setesdal-Ryfylke i 1986. Grappa foreslo følgjande mål for arealforvaltinga i heiområdet (Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986 s. 30):

- *Det må sikrast eit mest mogleg urørt samanhengande fjellområde mellom R-9 (no R-42) og Hardangervidda. Det er viktig at det blir sikra samanheng frå dalar og fjordar.*
- *Det er ei nasjonal oppgåve å verna om den sorlegaste villreinstamma i Europa.*
- *Produksjonsgrunnlaget for landbruket og dei jaktbare viltstammene har blitt sterkt svekka på grunn av ei rekke inngrep. Beitegrunnlaget for sau må oppretthaldast og produksjonsgrunnlaget for landbruket og dei jaktbare viltstammene må ikkje svekkast ytterlegare.*
- *Tilhova for jakt, fiske og friluftsliv er viktige goder for landsdelen sidan området er helgeutfartsområde for om lag 500.000 ibuarar. Tilhova for dette bør leggjast til rette så langt dette kan samordnast med andre viktige målsetjingar for heiane.*
- *Sidan planområdet omfattar deler av 12 kommunar og tre fylke (Telemark og Hordaland er ikkje med i denne vurderinga) er det heilt avgjerande å koma fram til sams*

*retningslinjer for arealbruk i heiområdet. Det er eit mål at retningslinjene så langt mogleg skal samordne dei ulike interessene i heiområdet.*

Rådgevingsgruppa la fram ei fleirtalstilråding om bruk av verkemiddel der området i plansamanheng vart delt i eit kjerneområde og ei randsone:

- *Kjerneområdet er område av nasjonal interesse som bør vernast mot inngrep som kan redusera verneverdiane vesentleg. Naturvernlova og biotopvern etter viltlova er aktuelle verkemiddel.*
- *Randområdet er i hovudsak sårbare område med snauffjell, som er viktige i landsdelsamanheng. Arealbruken bør samordnast på tvers av kommunegrensene og styrast v.h.a. plan- og bygningslova.*

Fylkesmennene og fylkeskommunane tok etter høyringa av NOU 1986:13 (ny landsplan for nasjonalparkar), og etter høyringa av rapporten "Heiområdet Setesdal-Ryfylke 1986", initiativ for vidareføring av heiplanarbeidet. Miljøverndepartementet ba fylkesmennene om å utarbeida eit verneforslag for dei sentrale delane av heia, "kjerneområdet", og fylkeskommunane skulle utarbeida felles retningslinjer for planlegging i "randsona". Dette arbeidet vart samordna av ei felles administrativ gruppe. På bakgrunn av informasjon om dei ulike planframlegga reagerte mange grunneigarar på planprosessen, særleg den manglande registreringa av næringsinteresser (utanom tradisjonelt landbruk) og framlegg til lovbruk. Dette resulterte i at det vart starta eit fleirbruksarbeid der alle involverte partar og interessegrupper vart med. Denne planprosessen er framleis i gang, og utkast til sluttrapport er datert 28.01.94.

Det overordna målet med fleirbruksplanarbeidet var å greia ut korleis området kan nyttast til næringsutvikling for bygdene samstundes som ein sikrar samanhangen i heia, naturkvalitetane og ei god forvaltning av villreinen.

Fylkesmannen i Rogaland varsla i møte 10. desember 1990 at verneplanarbeidet i Rogaland ville verta ført vidare ut frå ei tidlegare vedtatt tidsramme.

Status for framtidig arealforvaltning i Rogaland sin del av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er som følgjer:

- 350 km<sup>2</sup> i Frafjordheiane i kommunane Forsand, Gjesdal og Sirdal er foreslått som nasjonalpark i medhald av paragraf 3 i naturvernlova.
- 120 km<sup>2</sup> i Vormedalsheia i Hjelmeland kommune er oppretta som landskapsvernområde frå 19. april 1991 i medhald av paragraf 5 i naturvernlova.
- 122 km<sup>2</sup> i Lusaheia i Hjelmeland kommune er oppretta som landskapsvernområde frå 19. april 1991 i medhald av paragraf 5 i naturvernlova.
- 300 km<sup>2</sup> i Dyraheio i Suldal kommune er foreslått oppretta som landskapsvernområde i medhald av paragraf 5 i naturvernlova.
- 84 km<sup>2</sup> i Kvanndalen i Suldal kommune er foreslått oppretta som landskapsvernområde i medhald av paragraf 5 i naturvernlova.
- Det er gjort framlegg om oppretting av biotopvern etter paragraf 7 i viltlova for eit område mellom Dyraheio og Kvanndalen landskapsvernområde i Suldal kommune (Holmevassåno biotopvernområde på 23 km<sup>2</sup>).

Fylkesmennene i Agderfylka var innstilt på å venta med å fremja verneforslag for heiområdet til etter 1. mars 1994, då hovudprosjektet i fleirbruksplanarbeidet skal vera ferdig.

Hovudelementa i tilrådinga frå "Planfagleg rådgjevingsgruppe 1986" for Agderfylka var:

**1. Areal som bør sikrast som landskapsvernområde i medhald av paragraf 5 i naturvernlova:**

- Dyraheio i Bykle kommune på 330 km<sup>2</sup>.
- Rjuven i Bykle, Valle og Sirdal kommunar på 675 km<sup>2</sup>.
- Byglandsheiane i Valle, Bygland, Åseral og Kvinesdal kommunar på 245 km<sup>2</sup>.
- Knaberøysi i Åseral, Hægebostad og Kvinesdal kommunar på 350 km<sup>2</sup>.

**2. Område som er aktuelle for biotopvern etter paragraf 7 i viltlova:**

- Eit område mellom Dyraheio og Rjuven landskapsvernområde ved Gyvatn.

Angående arealforvalting av tilgrensande område som ikkje har/vil få status som landskapsvern eller biotopvern, siterer vi frå punkt 7.6 "Forholdet til tilgrensande område" i verneplanen for Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune:

*Det vil ha mykje å seie for landskapsvernområdet at kvalitetar og verneverdiar i tilgrensande område vert tekne vare på, noko kommunen og grunneigarane har hovudansvaret for. Dessutan er mange av områda som grensar til landskapsvernområda, som til domes sentrale innfallsportar, viktige i samband med forvaltninga av verneområda. Når det gjeld villreinen er alle fjellområda vest for Blåsjo viktige, der landskapsvernområda berre er ein del av leveområdet til villreinen.*

*Området nord og aust for Kvanndalen over fylkesgrensa til Hordaland, Odda kommune og Telemark, Vinje kommune må ein vurdere samla av omsyn til villreinen. Eit samarbeid på tvers av fylkes- og kommunegrenser er naudsynt, og ein må vurdere kva slags status områda som grensar inn til landskapsvernområdet skal ha.*

*Området sør for Dyraheio landskapsvernområde og vest for Blåsjomagasinet er prega av vassdragsregulering og anleggsvegar. Området er viktig for villreinen. Anleggsvegen ved Øvre Moen deler seg i to, ein veg gar inn til Skreivassdammen og ein går i tunnel frå Øvre Moen til Veneheia og Oddatjonn. Tunnelen blir ikkje brukt da den ikkje er sikra, og ein veg parallelt med tunnelen blir nytta i staden. Då konsesjonen blei gitt for bygging av denne veggen, var eit av vilkåra at veggen skulle gravast att når anleggstida var over. Ferdsel på anleggsvegane fører til uroing av villreinen. Når veggen er nedsnodd kjem villreinen tilbake. Spørsmålet er om ein skal fortsette å tillate fri ferdsel på desse vegane. Ein må vurdere kva slags status området skal ha - til domes biotopvernområde med heimel i viltlova eller spesialområde med heimel i Plan- og bygningslova - for å kunne regulere ferdsla i området.*

*Sjolve Dyraheio held fram over fylkesgrensa til Aust-Agder i Bykle kommune. Dei to områda må ein sjå på i samanheng når ein vurderer verneverdiane og omsynet til villreinen. Det bør vera eit mål at det blir oppretta landskapsvernområde i hogheia også på andre sida av fylkesgrensa.*



*Randområda på vestsida av landskapsvernområdet er merka som LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde) i kommuneplanen. Utnyttinga av dette området vil ha virkning på dyrelivet og landskapet som grensar opp mot verneområdet.*

**Vilkåret for at ein skal lukkast med å oppretthalda ei livskraftig villreinstamme i framtida er at ein har ei arealforvaltning som byggjer på lovverk som sikrar langsiktige nasjonale og internasjonale målsettingar om å sikra leveområda for villrein.**

Utfordringa for den framtidig arealforvaltning kan grovt delast i tre:

1. Korleis skal ein "demma opp" for "tunge" inngrep frå storsamfunnet som til dømes ein gassrørleidning gjennom villreinarealet, nye overføringslinjer p.g.a. eksport av El-kraft, vidare kraftutbyggjing m.m.?
2. Korleis skal ein unngå at lokale næringsinteresser fører til ein "bit for bit" politikk som kontinuerleg forringar villreinarealet?
3. Korleis skal utnytting og aktivitetar i samband med jakt, fiske, beite, oppsyn skjøtsel og fotturisme styrast slik at ein unngår uheldige konflikhtar i høve til villreinen?

#### Til pkt. 1.

Det første punktet er det klart alvorlegaste, og også det som krev det "tyngste" lovverket for å lukkast. Vilkåret for å nå fram overfor "tunge" utbyggjingsinteresser er at området har ein status som sikrar areala som leveområde for villrein. Dette kan gjerast gjennom oppretting av nasjonalpark og landskapsvernområde med heimel i § 3 og 5 i naturvernlova og oppretting av biotopvern etter § 7 i viltlova. Ein status som LNF-område på grunnlag av plan-og bygningslova (PBL) vil ikkje gi tilstrekkeleg tyngde overfor tunge utbyggjingsinteresser.

Rikspolitiske retningslinjer etter PBL kan vera eit alternativ til bruk av naturvernlov og viltlov. Det er Kongen i statsråd som kan vedta rikspolitiske retningslinjer, og dei kan definera kva som bør / ikkje bør skje innan eit avgrensa område. Retningslinjene er ikkje juridisk bindande for kommunane, men gjeld som instruks for lokale statlege styresmakter.

#### Til pkt. 2.

Eit vilkår for å lukkast i høve til det andre punktet er at grunneigarar og kommunar innser at dei arealdisponeringar dei gjer innanfor villreinarealet på sin eigedom og i sin kommune, har verknad for heile villreinarealet. Samarbeid på tvers av fylkes- og kommunegrenser er eit vilkår for å lukkast. Dersom viljen til samarbeid og heilskapssyn ikkje er til stades, må forvaltinga styrast frå eit sentralt organ.

#### Til pkt. 3.

Eit vilkår for å lukkast i høve til det tredje punktet er at ulike brukargrupper innrettar seg etter overordna målsettingar, og at aktivitetane får eit omfang som står i høve til "bæreevna" for området.

Ei samordning av tilsyn, transport, skjøtsel m.m., vil redusera trongen for ferdsle i området. Her er det særleg aktivitet i samband med drift og tilsyn med turisthytter, kraftverkshytter, fjellstyrehytter og hytter innanfor Njardarheim som er aktuelt å samordna. Til orientering er det frå 1. januar 1993 organisert samordna fjelloppsyn på alt statleg eigd areal i villreinområdet.

Dette arbeidet byggjer på ein avtale mellom Bykle-, Suldal-, og Hjelmeland Fjellstyre, Statskog Sørlandet og Setesdal-Ryfylke villreinnemnd.

Alle aktivitetar innanfor eit økosystem som lever på eit ekstremt minimum kan lett utvikla seg frå bruk til forbruk, og næringsinteresser som er knytt til høgfjell og villrein er avhengig av ei livskraftig villreinstamme.

**Utfordringane er lettast å møte dersom ein instans samordnar all sakshandsaming som gjeld arealforvaltinga innan villreinområdet. Styrken ved eit slikt system er at ein lettare ser dei overordna målsettingane for området. Det er lettare å få lik sakshandsaming uansett kva kommune det gjeld. Og sist men ikkje minst, ein har ei "vaktbikkje" som kontinuerleg arbeider for å ivareta leveområdet for villreinen.**

Dette er nærmare kommentert under punkt B. Samandrag og konklusjon s. 6.

## **H1. SENTRALOMRÅDET.**

Jaktoppsynet som var engasjert i samband med gjennomføringa av Ulla-Førre anlegga og I/S Øvre Otra anlegga, registrerte frå 1976 til 1984 korleis reinen nytta arealet i og rundt den framtidige Blåsjøen til ulike årstider. Dette er synt i figur 10. Arbeidet var noko av grunnlaget for ein rapport som vart utarbeidd av Per Jordhøy og John Atle Kålås ved Direktoratet for Vilt og Ferskvannsfisk, Reguleringsundersøkelsene (Rapport nr. 11 - 1985). Registreringane synt at områda rundt Blåsjø var mykje nytta, særleg om sommaren. I konklusjonen frå rapporten heiter det, sitat:

*Undersøkelsene har blant annet vist at Blåsjømagasinet har en strategisk plassering i forhold til villreinens trekk mellom sesongenes ulike bruksområder: kalving og vårbeite, sommerbeite, host og parringsområde samt vinterområde. Disse områder ligger dels vest og øst for anleggsområdet og Blåsjømagasinet, men også nord-sortrekket er viktig å opprettholde for en god utnyttelse av villreinområdet Setesdal Vesthei. Avbrudd under anleggstiden og de senere faste anlegg vil kunne medføre at deler av Setesdalsheiene som for fungerte som sesongområde faller bort fordi trekkmotivasjonen ikke overvinnes den barriere-effekt som skapes. Derved vil hele områdetets bæreevne for villrein kunne reduseres sterkt i forhold til tidligere.*

Sentralområdet har alltid vore sentralt i høve til kvar reinen vert hausta. Dei siste åra har villreinen utover ettersommaren og hausten i aukande grad klumpa seg saman i to konsentrerte område. Det eine området ligg sør for prosjektområdet mellom Rosskreppfjorden og Ljosådal. Det andre området ligg i nordenden av prosjektområdet og vidare nordover mellom Bleskestadmoen og Steinkilen-Holmevatn. Desse områda er samanfallande med to av dei figurane som er avmerka som kvalifisert villmark i figur 8. Figur 9 ("Satellittovervåking av villreinens bruk av Setesdal-Ryfylkeheiene; Effekter av naturinngrep", Skogland 1994) indikerer også kvar hovudtyngda av dyra har stått dei siste åra, og dette syner og att i fellingsstatistikkane. Dersom ein samanliknar figur 8 og 9, og held det saman med registreringar av kvar dei store dyrekonsentrasjonane har vore dei siste 3-5 åra, ser ein at dette i stor grad er samanfallande. Vidare kan ein konstatere at det har vore hausta vesentleg færre dyr i sentrale deler av prosjektområdet dei siste åra i høve til før oppdemminga av Blåsjø. Tidleg under jakta er dyra oftast spreidde i mindre flokkar utover deler av sentralområdet.

Utover i jakta flokkar dei seg som forklart over, og det er svært sjeldan at det kjem nye flokkar trekkande utover i jakta til områda vest og nordvest for Blåsjø. Områda på austsida av Blåsjø er normalt gode jaktterreng. Hovudtrekket mellom nord og sør går på austsida av Blåsjø, og registreringar av gamle fangstanlegg syner at områda heilt aust til Snjoheii har hatt rike jakttradisjonar (figur 2). Også denne delen av heia har hatt mindre dyr dei siste åra, slik at området frå Gyvatn i sør og til Austre Kaldefjell i nord klart har mindre felling no fordi det er mindre dyr å jakta på. Tal frå fellingsstatistikk i Bykle dei siste to åra syner best felling frå områda nord for Urarmagasinet og nordover til Førsvatn og Væringsdalen.

Figur 1 syner registrerte kuturminner knytt til villreinjakt rundt Blåsjø, og trekkvegar som i stor grad er fjerna grunna oppdemminga. Verknaden av dette for villreinen er truleg forsterka av ein "gjerde-effekt" grunna topografiske tilhøve og reguleringsmagasina som ligg på rekkje; Svartevassmagasinet, Blåsjø og Urarmagasinet. Denne effekten er godt dokumentert i "NINA Oppdragsmelding 257, Satellitt-overvåking av villreinens bruk av Setesdal-Ryfylkeheiene; Effekter av naturinngrep" (Skogland 1994), der fire simler er følgd kontinuerleg i tre år ved hjelp av satellittovervåking. Av totalt 1200 registreringar (plott) er 7 plott registrert vest for lina Svartevassmagasinet - Blåsjø (sjå figur 9).

Denne "gjerde-effekten" vert ytterlegare forsterka ved at passasjane nord og sør for Blåsjø er lett tilgjengeleg via anleggsvegar, båttrafikk på Blåsjø og Urarmagasinet og turistløypa på austsida av Blåsjø med tilhøyrande hytter. Til no er det særleg sørenden av Blåsjø, området frå Storsteinen til Gyvatn og Steinbuskardet, som har vore ein flaskehals for dyra i den tida anleggsvegen er open. Ei vidare utbygging av Urarmagasinet vil gi liknande tilhøve i nordenden.

### Vidare utbygging av Urarmagasinet.

Otteraaens Brugseierforening (OB) har konsesjon frå 15. desember 1974 for heving av Urarmagasinet med 23 meter. Denne konsesjonen er enno ikkje realisert. I samband med søknad frå OB om ei planending på 5 meter mindre reguleringshøgde, frå 23 meter til 18 meter har det vorte reist krav om konsekvensutgreiing før vidare utbygging vert starta. I skriv frå fylkesmannen i Aust-Agder datert 24. november 1993 angående søknad frå OB om planending er det følgjande konklusjon:

*Dagens endrede situasjon i forhold til 1974 med hensyn til kraftverksøkonomi, kraftproduksjon og miljøkonsekvenser av de allerede utførte vannkraftreguleringer i området gir grunnlag for en fornyet gjennomgang av behovet for reguleringen av Urar m.fl. Med de meget alvorlige konsekvensene en ser for villrein og friluftsliv i området, bør NVE vurdere å trekke ytterligere reguleringer av de konsesjonsgitte vann tilbake. Dersom dette ikke er mulig, må det fremmes en ny konsesjonssøknad med andre reguleringshøyder der konsekvensene for villrein, friluftsliv og fisk fullt utredes. For villreinen må det legges til grunn en analyse av inngrepet sett i forhold til villreinstammens livsvilkår i hele leveområdet.*

Setesdal-Ryfylke villreinnemnd som er ansvarleg for villreinforvaltninga i området har i same høvet stila eit eige skriv til Direktoratet for naturforvaltning der dei stiller spørsmål ved framtida til den sørlegaste villreinstamma i Europa. Her siterer vi innleiinga i brevet:

*Arealet mellom Blåsjø i vest og Urarmagasinet i aust er ei "livsnerve" for villreintrekket i nord-sør retning i Setesdal-Ryfylkeheiane. Ei ytterlegare heving av Urarmagasinet vil fora til*

*ei dramatisk fjerning av villreintrekk i området. Kva følger dette vil ha for villreinstamma vil vi få svar på i ettertid. Vi kan ikkje godta ei arealforvalting der følgjene er ei form for "russisk rulett" med den sørlegaste villreinstamma i Europa. Dei siste 35 åra har leveområdet for villreinstamma endra karakter frå ei unik villmark til eit område dominert av store fyllingsmagasin, vegar og kraftlinjer. Området gir store bidrag til nasjonal velstand og velferd. No er tida inne til å visa evne og vilje til å ta ansvar for andre verdier enn energiresursane. Framleis er det att verdifulle miljøkvalitetar i dette fjellområdet. Det som er att må ikkje gå tapt ved at vi forvaltar naturressursane våre etter mottoet: "Dreg du den så dreg du den".*

På konfliktkartet er Urarmagasinet "lagt inn" med høgste regulerte vass-stand 1,185 meter. Villreintrekka rundt magasinet er teikna med blå farge for å markera at dei forsvinn dersom denne reguleringa vert gjennomført.

Bykle kommunestyre har einstemmig gått imot vidare utbyggjing av Urarmagasinet. No står det att å sjå om desse signala når fram til dei styresmaktene som skal ta avgjerd i saka, og om konsesjonen vert vurdert på ny i lys av den kunnskapen vi har i dag om livsvilkåra for villreinstamma i området.

**For tida er dette eit av dei viktigaste einskildvilkåra for å oppretthalda ei livskraftig villreinstamme i framtida.**

### Anleggsveg til Blåsjø og Store Urar.

Vegane fører til auka trafikk; på vegane, og i nærområda. Vilkåret for at det skal vera trafikk på og langs vegane er at dei er opne. Sommaren 1993 var spesiell ved at store snømengder førte til at vegen til Storvassdammen først vart opna seint i august. Ei samanlikning av overnattingar i turisthyttene rundt Blåsjø for åra 1991, 1992 og 1993 fordelt på sommar og vinter syner klar nedgang for sommaren 1993. Effekten er truleg forsterka pga ein uvanleg våt og kald sommar. Samanlikninga står i tabell 2 (status for bruk av STF sine hytter).

I ferdsle-rapporten frå april 1993 (Skåtán 1993) i samband med fleirbruksplanarbeidet er det skissert kva konflikhtar som er knytt til desse vegane, og framlegg til løysingar. I grove trekk er det følgjande henta frå denne rapporten.

### **Vegen Botsvatn - Store Urar**

#### Konflikt

Vegen går tvers gjennom eit av dei største og viktigaste kalveområda (Enden-Store Urar) i heia, og både ferdsla på vegen og ut frå denne vil kunne gjera stor skade for reinen i kalvetida. Vegen inn til Store Urar opnar for bruk av båt på vassmagasinet. Dette opnar for ferdsle i eit viktig beiteområde med fleire regionale trekk. På konfliktkartet er trekka merka med blå farge for å markera at dei forsvinn dersom gjeldande konsesjon for vidare utbyggjing vert realisert.

Vegen opnar for ferdsle i eit område som er svært sentralt for villrein. Figur 9 indikerer at villreinen no mest nyttar areala nord for Urarmagasinet og sør for Botsvatn. Bruken harmonerer godt med dei areala som er merka som "villmark" i figur 8.

### Løysing

Beste løysinga for villreinen er at vegen blir stengd. Ei slik løysing vil truleg medverka til at reinen i større grad tar areala mellom Urarmagasinet og Botsvatn i bruk att. Dette gjeld tilsvarande for vegen til Storrassdammen.

Alternativt bør vegen stengjast for allmenn ferdsle i kalvetida. Dei som eig vegen bør også påleggja seg restriksjonar i kalvetida (25. april til 30. mai). Også fram til 30. juni bør det vere restriksjonar for bruk av vegen.

Vegen gjer det enkelt å setje ut båt på Urarmagasinet. Dette opnar for auka ferdsle i eit sårbart område.

I dag er trafikken på vegen moderat. Dersom den aukar vesentleg bør vedtaket frå Olje- og Energidepartementet om at vegen skal vera open for allmenn ferdsle vurderast på nytt.

### **Vegen inn til Storrassdammen.**

#### Konflikt

Denne vegen opnar for trafikk inn mot sørenden av Blåsjø. Dammane ved Oddatjørn, Førrevass og Storravn er ein hovudattraksjon for turistane. Den tilfeldige biltrafikken, med påfølgjande småturar i sørenden av Blåsjø er eit større problem enn organisert turisme, t.d. busstransport med guide. Suldal kommune ønskjer brøyting til Oddatjørn 1. juni og vidare til Storravn 1. juli, noko avhengig av snøforholda. Private grunneigarar i Suldal ønskjer å stengja vegen ved Øvre Moen.

Vegen opnar for ferdsle i eit område som er svært sentralt for villrein. Figur 9 indikerer at villreinen no mest nyttar areala nord for Urarmagasinet og sør for Botsvatn. Bruken harmonerer godt med dei areala som er merka som "villmark" i figur 8.

Vegen gjer det enkelt å setje ut båt på Blåsjø. Dette opnar for auka ferdsle aust for Blåsjø.

#### Løysing

Vegen bør stengjast for allmenn ferdsle. Beste løysinga for villreinen er at vegen blir stengd ved Øvre Moen. Ei slik løysing vil truleg medverka til at reinen i større grad tar areala mellom Urarmagasinet og Botsvatn i bruk att ( sjå tilsvarande for vegen til Store Urar).

Alternativt kan vegen stengjast ved vegkrysset inn til Førrevassdammen. Dette vil uansett redusera trafikken inn til Gyvatn og Storsteinshytta vesentleg.

Eit tredje alternativ er å stengja vegen ved Beinlei. Dette vil redusera ferdsla inn mot Storsteinshytta noko mindre i høve til dei andre alternativa.

Om vegen vert halden open til Storrassdammen, og opnar tidlegare enn no, må det vera særse strenge restriksjonar for bruken av han.

Ein må informera fotturistane som går til og frå denne hytta at dei er i eit område med svært låg tolegrense for ferdsle. Ein må og følgje utviklinga på fotferdsla i dette området nøye.

Utviklar fotferdsla seg i dette området i retning av å verta eit stort hinder for villreintrekka også etter at ein har sett i verk tiltak i samband med vegen inn til Storvassdammen, må ytterlegare tiltak vurderast.

### **Turistløyper sør for Blåsjø**

#### Konflikt

I samband med oppdemminga av Blåsjø, vart det vedtatt av Miljøverndepartementet at turistløypene skulle leggjast på austsida av Blåsjø. Vedtaket vart gjort trass i protestar frå Direktoratet for Naturforvaltning og Villreinutvalget for Setesdal Ryfylke (utvalget har sidan skifta navn til Setesdal-Ryfylke villreinnemnd). I ettertid kan ein sjå at løypene burde vore lagt på vestsida av Blåsjø av omsyn til villreintrekka.

Inn mot Storsteinen turisthytte går det fem turistløyper. Ei frå Eidavatn i vest, to frå Litle Aurådalen og Kringlevatn i sør, ei frå Hovatn i nord og i tillegg ei frå vegen til Storvassdammen.

På grunn av topografi og vatn samlast all trafikk av folk og dyr som går mellom nord og sør i heiområdet, frå Storsteinvatn i vest til Steinbuskardet i aust. Området vest for Blåsjø er stengd for villreintrekk mellom nord og sør p.g.a. oppdemminga og juvet opp frå Førre. Ein må av denne grunn unngå annan trafikk i sørenden av Blåsjø-området enn det som følgjer løypenettet frå dei andre hyttene. Konflikten gjeld i første rekkje for den delen av sesongen då det er isfritt.

På konfliktkartet er sona rundt Storsteinhytta teikna større enn for dei andre hyttene i området. Grunnen er at hytta vert nytta som utgangspunkt for turar i området i tillegg til helgeutfart via anleggsvegen til Storvassdammen. Dersom vegen vert stengd lenger nord, vil overnattingane på hytta verta avgrensa til dei som nyttar det merka rutenettet.

#### Løysing

Tilfeldig ferdsl med utgangspunkt i vegen til Storvassdammen, eller korte turar ut frå Storsteinhytta p.g.a. lett tilgjenge må hindrast. Denne tilfeldige trafikken ville reduserast vesentleg om vegen inn til Storvassdammen vart stengd for allmenn ferdsl (sjå avsnittet om vegen inn til Storvassdammen ovanfor).

### **Turistløyper aust for Blåsjø**

#### Konflikt

Turisthytta Vassdalstjern ligg midt i det viktigaste nord-sørtrekket mellom Blåsjø og Urar-magasinet, og tilhøyrande turistløype følgjer trekkvegen. På grunn av oppdemminga av Blåsjø og Store Urar er dette eit sårbart område. Ei vidare utbygging av Store Urar m.fl. vil medføra dramatiske endringar for trekka (sjå avsnittet om vidare utbygging av Urarmagasinet).

KOT har planar om ei ny hytte mellom Vassdalstjørn og Bykle, og ny løype med utgangspunkt frå Bykle og austover til eksisterande rutenett aust for Blåsjø.

#### Løysing

Ein må informera fotturistane som går til og frå denne hytta at dei er i eit område med svært låg tolegrense for ferdsl. Ein må og følgja utviklinga på fotferdsla i dette området nøye.

Utviklar fotferdsla seg i retning av å verta eit stort hinder for villreintrekka, må ein setja i verk tiltak som kan hindra dette.

Planane om ny hytte mellom Vassdalstjørn og Bykle og ein ny merka innfallsport frå Bykle til løypenettet aust for Blåsjø må ikkje realiserast.

### **Turistløypa sør for Botsvatn**

#### Konflikt

Det er ikkje registrert konfliktar knytt til denne løypa. I "Norsk sti- og løypeplan" (DN oktober 1990) er det avteikna ei ny hytte mellom Viki (austenden av Botsvatn) og stikrysset ved Sandvatn. KOT grunnir trongen for denne hytta med at gangtida fram til Kringlevatn og Storsteinen er for lang. I figur 11 er denne vurdert til 8 timar. Areal sør for løypa er det viktigaste kalvingsområdet i heia (Steinheii - Voilenuten), og ei ny hytte vil auka faren for nye konfliktar også i dette området.

#### Løysing

Planane om ei ny hytte langs løypa bør ikkje realiserast. Tilretteleggjing for friluftsliv er ikkje det same som at gangavstanden mellom alle hytter skal vera slik at alle kategoriar fotturistar klarar dette på under 5 timar. Med DNT si målsetting om eit godt og variert rute-, hytte- og turtilbod må ein og ha nokre ruter som gir utfordringar for dei "spreke".

### **Turistløypa i Bråtveitområdet**

#### Konflikt

Denne ruta snor seg rundt og delvis gjennom fleire villreintrekk i området. Ruta er lite konfliktfylt så lenge fotturistane følgjer ho. Turistar som ikkje følgjer løypa vil koma i konflikt med villreintrekka i området. STF har planar om å flytta/rehabilitera hytta ved Mostøl.

#### Løysing

Ein må vere særskild merksam på konfliktar med villreinen sin bruk av området ved flytting av hytta og eventuell omlegging av løypenett i dette området.

Turistløypene vestover frå Eidavatn og Litle Aurådalen vert omhandla under punkt H2

## H2. OMRÅDA VEST FOR BLÅSJØ.

I motsetnad til sentralområdet som vert nytta av alle kategoriar dyr store deler av året, er dette området mest nytta som vinterbeite frå oktober/november og fram til simlene trekker austover i slutten av april. Bukkane blir då ståande att og nyttar området til vår og sommarbeite fram til brunsten melder seg og dei søker til simleflokkane i månadskiiftet august/september. I samband med vinterbeiting søker dyra tidvis ned i skogområda nær gardar.

Utfordringane i høve til framtidig arealbruk kan delast i to i prioritert rekkefølge:

- **Vinterbeiteperioden** Fostringsflokkar (alle kategoriar dyr) nyttar området til simlene trekker austover til kalving i månadskiiftet april/mai.
- **Vår- og sommarbeiteperioden** Reine bukkeflokkar nyttar området fram til brunsten byrjar i månadskiiftet august/september.

### Vinterbeiteperioden.

Tilgjengeleg vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma. Samstundes er dette ei tid på året då dyra toler lite uroing. Dyra er mest sårbare i overgang frå vinter til vår, ei tid som fell saman med påskeutfarten.

### Konflikt

Konfliktkartet syner at det er store potensielle konflikthar ved skiutfartsstadene Mosvatnet i Suldal, og Fundingsland og Lyngsheia i Hjelmeland. Konflikten ved Mosvatnet er størst i områda rundt Breidastølsdalen, mot Reinsheia og Langeli. På Lyngsheia aukar konflikten ved at ny veg til Songesand forbi Sandvatnet opnar for auka ferdsle. Stølsområda i Kjetilstaddalen, Mostøl i Bråtveit og turisthytta i Stranddalen er potensielle konfliktområde, særleg i samband med påskeutfarten.

Vidare fortetting av eksisterande hyttefelt ved Grunnvatn, Lauvastøl og Mostøl i Suldal vil verka negativt.


Stor aktivitet rundt turisthytter på ettervinteren er uheldig. Dette gjeld særleg hytta på Melands Grønahei.

### Løysing

På skiutfartsstader der det blir opparbeidd preparerte skispor og tilrettelagt for skiaktivitetar, bør aktivitetane kanalisert til stader der konfliktane er minst. Skituristar søker oftast stader med lite vind, medan villreinen under beitesøk går på vindeksponerte stader der storparten av snøen bles bort. Denne skilnaden er eit godt grunnlag for å unngå unødige konflikthar. Vidare er det naudsynt med informasjon overfor turgåarar slik at ein unngår for mange unødige fluktreaksjonar i reinsflokkane.

Skiaktivitet ut frå ny veg frå Lyngsheia til Songesand bør kanalisert ut frå eksisterande parkeringsplass ved Bjørkhusskogen. I år med spesielle snøtilhøve er det truleg aktuelt å ha parkeringsplass noko høgare. Vi foreslår ein parkeringsplass ved vegkrysset der vegen går vidare mot Lyngsvatn.






Figur 8:

Figuren viser kvar ein finn "villmark" i heiområdet. Informasjonen er henta frå "Fjellplan frå 1986", og kartet er utarbeidd av Ellen Jepsen og er trykt i "Fjell og vidde" nr. 8 - 1992.

## Ryfylke- og Setesdalsheiene



Figur 9.

Figuren indikerer kvar hovedtyngda av villrein står etter at Blåsjø vart etablert. Figuren er laga på grunnlag av 1200 satellittregistreringar av fire ulike simler (med radiosendar) over ein periode på 3 år. Kvar simle er markert med ein fargekode.  
Figuren er henta frå "NINA oppdragsmelding 257" (Skogland 1994).

Det bør ikkje organiserast fellesturar til Melands Grønahei på ettervinteren og særleg ikkje etter påske.

### **Vår- og sommararbeiteperioden**

Det er i hovudsak reine bukkeflokkar som nyttar området i denne perioden. Generelt er toleransen overfor uroing stor for små bukkeflokkar. Likevel vil dyra søka nye beiter dersom dei vert støkt for ofte, og toleransen overfor uroing minkar mot slutten av sommararbeiteperioden.

Vi har valgt å dela dette avsnittet i to delområde; sør for Jøsenfjorden, og nord for Jøsenfjorden.

#### Området sør for Jøsenfjorden

#### **Fotturisme/overnattingsstader.**

##### Konflikt

For områda sør for Jøsenfjorden er turisthyttene og tilhøyrande løypenett det som betingar størst ferdsle i området. Lett tilkomst til Melands Grønahei og Viglesdalen har ført til at desse hyttene i aukande grad vert nytta som overnattingsstad fleire netter, og som utgangspunkt for korte og lange turar i nærområdet. Spesielt for Melands Grønahei er dette ein svært uheldig utvikling fordi dette er eit frodig og godt beiteområde som med unntak av turisthytta elles er fritt for hytter. Oppføring av sikringsbu til hytta vil auka overnattingskapasiteten og dermed og konflikten.

Turløypa austover frå Mælands-Grønahei kjem inn att på løypa i Grasdalen omlag 2 km sør for vegkrysset til Eidavatn. Dette har aktualisert eit ønskje frå STF om å flytta denne løypa frå eksisterande trasé nord for Gamlestølsvatnet til Søre Blåmannskilen. Grunngevinga er at mange alt no velgjer denne vegen fordi den er kortast. I samband med ei foreståande rehabilitering av hytta ved Eidavatn er det vidare reist spørsmål frå STF om å flytta hytta ut mot Storådalen. Ei slik løysing vil i så fall føra til at turløypa vidare austover til Storsteinen må følgja kanten av Storådalen og Storsteinvatnet. I høve til villreinen er denne endringa uheldig (sjå konfliktkartet).

Ei marknadsføring av Vormedalen landskapsverområde som turmål kan føra til store konflikhtar mellom villrein og fotturisme dersom ikkje ferdsla vert kanalisert utanom einskilde verdifulle lokalitetar.

Det er to separate løyper mellom Nilsebu og Litle Aurådalen. Prinsipielt bør ein vurdere å fjerna den eine. Vurdert ut frå den trafikken som er her vurderer vi ikkje dette som noko stort problem for villreinen.

##### Løysing

Hjelmeland kommune satsar på å marknadsføre dei naturkvalitetane som er i dei nære fjellområda. Denne satsinga bør vidareførast, men då på ein måte som kanalisere ferdsla utanfor dei mest sårbare stadene. Garden i Trodla-Tysdal og gardar på Funningsland og/eller

Kleivaland bør ha potensiale til å utvikla gardsturisme med "opplevingsturar". Dette vil og gi ringverknader for kommunen ved at gardar med svakt næringsgrunnlag får fleire bein å stå på. Ein bør satsa på Funningsland, Trodla-Tysdal og Nes som utgangspunkt for løypenettet i området.

Turisthytta på Mælands Grønahei bør fjernast som turisthytte, anten ved at den fysiske vert fjerna, eller at den vert omdisponert som driftehytte for grunneigarane i samband med sauebeiting.

Forutsatt at løypetraséen frå Mælands-Grønahei til Grasdalen vert lagt ned, vil den kortaste og beste vegen vidare mot Eidavatn vera eksisterande trasé nord for Gamlestølsvatnet. Ei slik løysing sikrar villreininteressene i området ved at områda frå Mælands-Grønahei til Rundemansheia får vesentleg mindre ferdsle enn i dag. Løypa frå Eidavatn og vestover bør rettast ut slik at ein unngår unødig gange mot Blåfjellshytta..

## **Vegar**

### Konflikt

Ny veg frå Lyngsheia til Songesand opnar eit nytt område for ferdsle. Det er vidare planlagt vegutløysing for Lysebotn via Songesand. Dette vil i neste omgang føra til planar om hyttebyggjing.

### Løysing

Ein ny vegtrasé frå Songesand til Lysebotn bør følgja den stipla linja som er synt på kartet. Før ein planlegg nye hyttefelt, eventuelt fortetting av eksisterande hyttekonsentrasjon, bør ein vurdera kva konsekvensar dette har i høve til auka ferdsle og konflikstar i høve til villreintrekk.

## Området nord for Jøsenfjorden

### **Fotturisme/overnattingsstader.**

### Konflikt

For området nord for Jøsenfjorden er det vegen frå Mosvatnet til Blåsjø som opnar for den største ferdsla. Vidare er det stor trafikk av fotturistar til Stranddalen frå Saudal og Nedre Moen. Ferdsla til Stranddalen er vesentleg større enn den vidare ferdsla austover mot Krossvatnet og Breidavad. Det er planar om organiserte rideturar med utgangspunkt frå Mosvatnet/Gullingen.

### Løysing

Vidare tilretteleggjing for fotturisme bør vera lengst vest, frå Gullingen via Sandsa og Svinstølvatnet til Stranddalen. Ein bør prioritera vegen via Svinstølvatnet i staden for over Napen fordi dette er eit godt bukkeområde. Dette gjeld og for eventuelle nye tilbod som til dømes organiserte rideturar.

Ein bør ikkje opparbeida merke løype mellom Stranddalen og Breidavad.

### H3. FRAFJORDHEIANE.

For villreinen har området same funksjon som areala vest for Blåsjø. Villreinen nyttar området som vinterbeite frå oktober/november og fram til simlene trekker austover i slutten av april. Bukkane blir då ståande att og nyttar området til vår og sommarbeite fram til brunsten melder seg og dei søker til simleflokkane i månadskiiftet august/september. I samband med vinterbeiting søker dyra tidvis ned i skogområda nær gardar.

Under punkt H0. **Samla framstilling** er det på side 43 lista opp tre hovudutfordringar i høve til framtidig arealforvaltning.

1. Korleis skal ein "demma opp for" store nasjonale interesser som til dømes ein gassrørleidning gjennom villreinarealet, nye overføringslinjer p.g.a. eksport av EI-kraft, vidare kraftutbyggjing m.m.?
2. Korleis skal ein unngå at lokale næringsinteresser fører til ein "bit for bit" politikk som kontinuerleg forringar villreinarealet?
3. Korleis skal utnytting og aktivitetar i samband med jakt, fiske, beite og fotturisme styrast slik at ein unngår uheldige konflikhtar i høve til villreinen?

På grunn av Frafjordheia sin framtidige status som nasjonalpark er punkt 1 og 2 lite aktuelle. Derimot er punkt 3 ei høgst relevant problemstilling. Fotturismen i området er stor og framleis aukande. I bladet "Fjell og Vidde" til Den Norske Turistforening (DNT) frå 1993 er det vist til at kapasiteten på overnattinga i turisthyttene i Frafjordheia i tillegg til nokre hytter i Rondane og Jotunheimen er på meir enn 70% - og vidare at det er planar om å auka kapasiteten ytterlegare (sjå G3.2.3 "Turisme og reiseliv" side 40).

#### "DNT - en trussel mot fjellet?"

Overskrifta er saksa frå ein debatt i bladet "Fjell og Vidde", nr. 2 1993. Her siterer vi:  
*En av de vanligste overforenklingene i debatten om bruken av norsk utmark forteller oss at friluftsliv er bare positivt og at alle andre bruksinteresser er negative. En populær folkemyte sier at alle nordmenn i bunn og grunn er friluftsmennesker. Dette gjør det mulig å hevde friluftslivets moralske fortrinn, og dermed rett til å boltre seg i norsk utmark uten nevneverdig offentlig motbør. DNT sier at de har som formål å fremme et aktivt, naturvennlig og sikkert friluftsliv i skog og fjell. Miljøverndepartementets målsettinger for friluftslivspolitikken er: friluftsliv for alle, friluftsliv i dagliglivet og friluftsliv i harmoni med naturen. Det kan diskuteres om DNTs hyttedrift følger intensjonene med både de offentlige målsettingene og organisasjonens egne målsettinger.*

Alle turisthyttene i Frafjordheia er bygd etter 1987. I samband med søknad om oppføring av hyttene vart det protestert på plasseringa av ei hytte, Sandvasshytta. Av konfliktkartet ser ein at denne hytta er plassert midt i eit villreintrekk. Bygningsrådet i Sirdal avslo denne søknaden, men etter anke på vedtaket frå STF til Fylkesmannen i Vest-Agder vart hytta oppført på denne staden. I ein uttale om Frafjordheiane i "Fjell og Vidde" nr. 8 1993 frå dagleg leiar i STF, Kjell Helle Olsen, vert det hevda at STF har tatt alle naudsynlege omsyn til naturmiljøet og faunaen i området i samband med utbyggjinga av rutenett og hytter:

*Mange har spurt om denne økte tilstrømningen truer den naturen og det mangfoldet som vi ønsker å ta vare på gjennom opprettelsen av Rogalands første nasjonalpark.*

*STF har vært seg dette bevisst. De nye hyttene er lagt så skånsomt som mulig i den øvre delen av området og de merkede løypene er begrenset til et minimum.*

I ettertid ser ein at uttalen frå STF er eit partsinnlegg som marknadsfører friluftslivet i området. Det er eit paradoks å plassera ei turisthytte midt i eit villreintrekk når det vert hevda at ein har tatt alle naudsynlege omsyn til naturmiljøet og faunaen i området. Det er unekteleg villreinen som er den tapande parten. Vidare er det neppe rett å hevda at dei merka løypene er avgrensa til eit minimum når det i snitt er antyda ein gangavstand som krev mellom to og fire timars gange mellom dei tre hyttene som ligg sentralt i området; Langavatn, Sandvatn og Blåfjellenden (sjå figur 11).

I tillegg til den aktiviteten som er knytt til STF sine hytter og merka løypenett, har idrettslag i Sirdal lagt til rette for ferdsle til to organiserte turmål på toppar aust og søraust for Sandvatn. Toppene er markert på konfliktkartet. I samband med påskefeiringa er det kvart år stor aktivitet i området ved Degjevatnet. 1. påskedag har Sandnes IL arrangement i dette området.

Sauebeiteinteressene er store i nokre avgrensa område (sjå side 40).

Villreinen er eit sentralt naturelement i området. Samtidig er det klart at friluftslivsinteressene er ein vesentleg årsak til at området er foreslått som nasjonalpark. For miljøstyresmaktene vil det vera eit prioritert mål både å verna leveområda for villrein, og å leggja til rette for friluftsliv.

**Utfordringa i høve til framtidig arealbruk i området er om villrein eller fotturisme skal ha førsteprioritet. Tidlegare erfaring syner at denne utviklinga må styrast av miljøstyresmaktene og ikkje av STF, andre organisasjonar eller særinteresser.**